

## NEDSTE GROSTØL/TASKJELLESTØLEN

Høgde over havet: 500 moh

Lengd: Alt.1: 1,2km , Alt2: 0,7km , Alt.3: 2km

Tid: ca 2-2,5 timar ein veg

Gradering: Alt 1 og 2 : Lett, Alternativ 3. middels

**Vegskildring: Alternativ 1** (den lettaste vegen) Kjør på Bildesvegen og parker ved Mjølstølen ( traktorveg) der det står skilt til Grostøl som vi har sett opp. Føl denne merka skogsvegen til endes. No kan du gå rett over/ gjennom gjerdet og over ein liten bekk. Sjå skilt til Nedste Grostøl. Føl merkinga vår vidare inn i skogen og over ei stor myr før du går over ein bakketopp og du kan sjå stølen. NB! Om du ikkje kjem over gjerdet (at det er satt opp) må du følgje merkinga vår litt oppover langs med gjerdet til du kjem til krysset som heiter Gjenstigane (skilt) Gå då gjennom grinda og rett ned til venstre der vi har merka med pinnar før du kjem innpå stien igjen (om går rett over gjerdet). Ved Gjenstigane går stien rett fram opp til Grostøl og du kjem i frå Bilde, og ruta til høgre går ned til Nesheim

**Alternativ 2.** Kjør opp Bildesvegen og parker ved vårstølen ( hyttene på høgre side) Det kjem ein veg rett opp frå Taskjelle her. Her går sjølve stølsvegen rett opp lia på venstre side. Sjå etter skilt: **Stølsvegen** og merking. Denne ruta er kort og tek 15-30 min berre. Stien er bratt rett opp til stølstræet. Du har fin utsikt fleire stader. Denne ruta vert og kalla om Longeskor (det store berget ein passerar). Vegen kryssar ein skogsveg, men du føl berre merkinga vår. Du går forbi Øvsta Nott ( skilt) og tek av til venstre vidare oppover. Ikkje føl skogsvegen nedover her. Stien går oppå eit lite bratt berg der nokon kanskje kan kjenne på at det er litt vel smalt om ein har høgdeskrekk. No er du straks oppe ved grinda og innpå stølstræet og du går under nokre store grantre siste stykket..

**Alternativ 3.** Stien startar på Fagerflot rett før Skålsete på Krokavassvegen, der kan du parkera bilen. Ved skiltet Takjellestølen startar stien i lett terreng oppover i bjørkeskog. Etter ca.5 minutt kjem du til eit flott utsiktspunkt, som er verdt å få med seg. Stien svingar til høgre rett før Skålsete innover i granskog i ein tydeleg sti. Etter granskogen går stien vidare langs Storemyr. Etter Storemyr blir det brattare før du kjem opp til Budeiehølen. Treng du pause så er det her du bør ta den, og nyta den flotte utsikten over Granvinsvatnet. Her er det og moglegheit å ta eit bad i hølen slik budeiene gjorde i gamle dagar. Vidare går stien inn til treet på Taskjellestølen der du først kjem til tuftene til det eine selet, Saraselet men du skal vidare ca. 200 ned til selet som turkassa står på.

Du kan gå ein runde her, opp ein veg og ned ein annan. Det er tre fine ruter som ein lett kan kombinere. Det er tufter litt vidare opp frå selet på Taskjelle som er flotte å sjå og stien til Skålsete går via her.

**GOD TUR!**